

Tips til opplegg på elevkveldar på BUS

I 8. klasse hadde vi god stemning når vi arrangerte pepperkakepynting i sosialrommet. Julemusikk, klementiner og brus og kjøpte små mini pepperkakehus, etterpå gjekk klassen og bada i bassenget. Nokre få hadde ikkje lyst å bade, dei var igjen i sosialrommet og spelte bordtennis, fortsatte på pepperkakehusa og spelte.

Til sommaren skulle vi vera utendørs, men pga verforhald hadde vi samlinga i kantina. Pølser og kake og felles leiker/underholdning.

På 9. trinn var det laber stemning for bassenget. Tydeligvis ein hit på 8. trinn, men heilt ut på 9. trinn 😊 Då hadde vi julekakebaking og julemusikk på m&h kjøkkenet. God stemning. På våren oppfordra eg dei som hadde lyst og mulighet til å betale 100 kr til klassekassen også bestilte eg bowling på stadion bowling. Det likte dei veldig godt. Elevane kjøpte snaks/mat sjølv. Nesten alle elevane har kome på sosialtreffa. Tror det hjelpe veldig at læraren bare seie at det er obligatorisk, sjølv om det egentlig ikkje er det.

Elevkveld august 8.trinn. 1,5 time

Tips: Me oppretta ein Spleis til klassen. Delte qr-koden på Facebooksida til klassen. På den måten er det ingen som får vite kor mykje kvar enkelt bidreg med. Klassekontakt samla på alle kvitteringer gjennom året, avslutta spleisen i juni, fekk tilbake penger og overførte resten av pengene til neste års klassekontakt.

Me fekk tre foreldre til å kome med 20 pizzaboller kvar (varme)

Tre andre foreldre stilte med saft.

Mugger og vatn på kjøkken. Foreldrekontakt kjøpte inn plastglass.

Slik gjekk kvelden:

- Gav beskjed om at alle skulle legge mobilen i jakken:-)
- Mat og drøs
- "Splitt rommet". Ulike dilemma kvar enkelt skulle ta stilling til. Me leste dei opp høgt og ungdommene skulle gå til det som passa dei best.

Her er forslag:

A: Ha den samme sangen kontinuerlig på hjernen i løpet av eit år
eller

B: Ha en kløe du ikke klarer å klø på ett år.

A: Alltid være litt for kald

Eller

B: Alltid være litt for varm

A: Bo alene i skogen resten av livet

Eller

B: Bo i kollektiv sammen med 10 andre personer resten av livet.

A: Måtte danse til hver sang du hører

Eller

B: Måtte synge med på hver sang du hører

A: Gå med de samme sokkene i tre måneder

Eller

B: Gå med det samme undertøyet i 5 dager.

A: Gå uten mobil i tre måneder

Eller

B: Ikke ha mulighet til å vaske deg på en måned.

A: Aldri kunne gått ut når det var lyst

Eller

B: Aldri kunne gått ut når det var mørkt

A: Alltid vært 10 minutter for sen

Eller

B: Alltid 30 minutter for tidlig.

A: Levd som en kongelig for 1000 år siden

Eller

B: Levd som en vanlig person i dag.

Etterpå hadde me «Menneskeleg bingo» (sjå under)

Skriv ut ark. Elevane får eit ark kvar og skal gå rundt og snakke med dei andre. Vinneren er den som fyrst har skrevet minst eit namn i kvar rute.

Hugs blyanter!

Til slutt hadde me vanleg bingo med litt premier me hadde kjøpt inn.

Menneskelig bingo

Snakk med de andre og skriv navn på den som oppfyller en rute.

Kan spele eit musikkinstrument	Har ei søster	Har eit kjæledyr	Kan vifte med øyrene	Elsker Pepsi Max
Har minst ein felles interesse	Kan snakke meir enn to språk	Samler på noko	Liker veldig sterk mat	Født i samme måned som meg
Elsker å stå på ski	Har meir enn eitt fornamn	Drøymmer om å bli fotballproff	Har aldri vore i USA	Har vunnet ein konkurranse

Kan ikkje ta salto	Har lyst å jobbe med noko praktisk i framtida.	Tek toget til skolen	Ser på meir enn to TV-serier akkurat nå	Har på seg klær med blå farge
Har bruker på meir enn to forskjellige sosiale medier	Kan slå hjul	Syns det er viktig å legge seg før 22:30 i kvardagen.	Liker å høyre på rock.	Liker samme sport som meg

Rop «Bingo!» når du har minst et navn i hver rute.

Elevkveld november 8.trinn. 1,5 time



(På Canva.com kan ein enkelt lage plakat til å henge opp i klasserommet om de ynskjer)

Me skrudde av lyset i etasjene over kantina og elevane hadde gøymeleiken.

Klassekontaktane hadde kjøpt inn pitabrød, ananas, mais, tomatsaus ost, skinke og saft.

Alle elevane laga sine egne pizzaer som me steikte på kjøkken.

Stol-leiken til slutt.

Elevkveld april 8.trinn. 2 timar



Sjekk om nokre foreldre har livreddningsprøve og kan vera badevakt.

Sjekk med Bus om det er ledig i bassenget.

Elevane fekk velge om dei skulle bade eller lage mat i litt tid før elevkvelden. På den måten kan ein sikre seg kor mange med livreddningsprøve ein treng i bassenget.

Klassekontakter handla inn til matlaging.

Elevane som ville bade gjorde det den første timen, då laga dei andre mat. Alle åt saman til slutt i kantina.